



Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 OSLO

200805490-27

312

ksk/Auko

## Vengåa kraftverk, Rauma kommune Tilbakemelding på fiskeribiologisk undersøkelse

Vi viser til vårt brev 26.04.2012 og til synfaring 10.12.2012.

Brevet gjer greie for vårt ynskje om gransking av dei fiskeribiologiske tilhøva i omsøkte utbygging av Vengåa kraftverk. Skildring av tilhøva ligg no føre i rapport frå Bioreg AS 30.09.2012. Synfaringa fann stad ved å vandre røyrgatetraseén frå planlagt inntakspunkt til staden for planlagt kraftstasjon. Undervegs vart elva synfart på einiskilde punkt. Feltilhøva var vinterlege med snø- og isdekke.

Granskinga frå Bioreg AS grip fatt i sentrale spørsmål knytt til tilhøve for fisk ved kraftuttak i Vengåa. Fyrst og fremst gjeld desse Vengåa, men óg i hovudelva Glutra. Reduserte vassmengar og endra økologiske rammevilkår vil påverke begge desse vassdagsavsnitta. Dei anadrome strekningane er i dag infisert med lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*. Etter nasjonal handlingsplan ligg det føre planar om å utrydde parasitten i nær framtid, sannsynlegvis i 2013. Straks etter aksjonen startar oppbygging av fiskebestandane med en rekke tiltak, m.a. gjennom bruk nasjonal genbank for laksefisk.

Granskingane til Bioreg AS skriv at dei *«fann stad med mykje vatn i elvane og at det ikkje vart fiska i heile elvebreidda og at mykje fisk truleg kom seg unna, særleg dei minste årsklassane. El-fiske vart ikkje prøvd i Glutra på grunn av for stri elv og for mykje vatn.»*

Dette kjem tydelig fram i biletmateriale i rapporten, som sjølv gjev merknad om at tilhøva ikkje var dei beste og at feltresultata sannsynlegvis ikkje godt nok skildrar mengda ungfisk i vassdraget.

Trass i høg vassføring samanlikna med optimale tilhøve for el-fiske vart det påvist og estimert ein relativt høg tettleik av ungfisk frå anadrom gyting i nedre delar av Vengåa før samløpet med Glutra. I denne delen av elva vart det funne gode gyteområder. Tettleiken av fiskeungar vidare oppstraums avtok i takt med aukande avstand frå Glutra. Resultatet stod her i forhold til dårlegare tilhøve for gyting samanlikna med tilhøva ned mot Glutra. Granskingane i Glutra fann stad over ei strekning på 400 meter nedstraums utløpet av Vengåa. Botnsubstratet vart vurdert til gode for gyting og oppvekst av fisk.

Oppsummert syner feltarbeidet at det meste av ungfisken held til i nedre delar av Vengåa. Vidare syner granskinga gode fysiske tilhøve for gyting og produksjon av anadrom fisk i Glutra nedanfor samløpet med Vengåa.

### **Vår vurdering**

Aktuelle vassdragsavsnitt har biologiske kvalitetar det er vel verdt å ta vare på. Etter omsøkte planar vil trugsmål mot desse fyrst og fremst vere redusert vassføring. Vi grip difor fatt i pålegg om minstevassføring som avbøtande tiltak. Ut frå dei økologiske kvalitetane som ligg føre stør vi framlegget i den fiskeribiologiske granskinga om å auke minstevassføringa til 10-persentilen. Vengåa vil då kunne ivareta sin fiskeribiologiske funksjon som gyte- og produksjonsstad for anadrom fisk. Vi vil óg sette fokus på om det let seg gjere å flytte kraftstasjonen lenger oppstrøms ved Glutra eller å lokalisere den ved Vengåa før samløpet med Glutra. Ei slik flytting vil redusere negativ verknad på tilhøva i Glutra. Vi har her ikkje teke omsyn til om dette vil forringe viktige landskapskvalitetar i området.

Apropos aksjonen mot lakseparasitten vil vi avslutningsvis peike på at å lukkast i restaurere lokale anadrome bestandar er betinga av at elveøkosystemet i området framleis inneheld positive, fysiske føresetnader for livet i vassdraget.

Med helsing

Lindis Nerbø (e.f.)  
miljøverndirektør

Leif Magnus Sættem

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.*